



Overordna analyse

Vedlegg til Plan for
selskapskontroll 2016-2020

Vindafjord kommune

Februar 2016

www.kpmg.no



Innhold

1 Innleiing	4
1.1 Formål	4
1.2 Lov og forskriftskrav	4
2 Framgangsmåte og involvering	5
2.1 Involvering	5
2.2 Innsamling av data	5
2.3 Teoretisk fundament og metode for overordna analyse	5
3 Identifiserte selskap	8
3.1 Selskap omfatta av kommuneloven § 80	8
3.2 Selskap som ikkje er omfatta av kommuneloven § 80	11
4 Risikovurdering	12
4.1 Generell eigarstyring	12
4.2 Selskap omfatta av kommuneloven § 80	12

1 Innleiing

1.1 Formål

I kontrollutvalet sitt møte den 2.12.2015 vart KPMG vald til å utarbeide overordna analyse som grunnlag for plan for selskapskontroll i Vindafjord kommune.

Formålet med den overordna analysen er å gjere ein analyse av risiko - og vesentlegheitsvurderingar, som grunnlag for å prioritere kva selskap som kan være grunnlag for selskapskontroll i perioden 2016-2020. Den overordna analysen utgjer grunnlaget for plan for selskapskontroll og dermed grunnlag for kontrollutvalet si vurdering og prioritering av selskap for selskapskontroll i planperioden.

1.2 Lov og forskriftskrav

Lov og forskriftskrav til selskapskontroll er styrande for selskapskontrollar og det er naturleg å ta utgangspunkt i desse krava ved gjennomføring av ein overordna analyse. Lov – og forskriftskrav til selskapskontroll er nærmare skildra i plan for selskapskontroll 2016-2020.

Krav til selskapskontroll er lovheimla i kommunelova § 77 nr. 5 jf. § 80. Obligatorisk eigarskapskontroll og/eller frivillig forvaltningsrevisjon gjeld for:

- ✓ Interkommunale selskap (IKS).
- ✓ Aksjeselskap (AS),
- ✓ Heileigde dotterselskap til desse selskapa.

Aksjeselskap må vere heileigd av kommunar og/eller fylkeskommunar for at selskapskontroll skal være aktuelt. Dersom selskapet har private eigarar, vil selskapskontroll etter § 80 ikkje vere aktuelt.

Kommuneloven gir ikkje kommunar tilsvarande tilgang til selskapskontroll for selskap som har andre enn kommune/fylkeskommune som eigar, til dømes private og staten som eigarar i tillegg til kommunar. Dette fordi slik tilgang til selskapskontroll ville gi kommunen som eigar ein ugrunna særfordel samanlikna med dei andre eigarane som ville være vanskelig å grunnge. Når det gjelder eventuelle utfordringar i samband med å koordinere innsyn og kontroll i selskap med fleire eigarar, er det samordninga av dette overlate til eigarkommunane sjølve.¹ Kontroll med selskap som fell utanfor kommunelova § 80 er dermed noko kommunestyret, som utøvar eigarskapen, bør ta stilling til.

Forskrift om kontrollutval §§ 13, 14 og 15 har utfyllande krav til gjennomføring, innhald og rapportering av selskapskontroll.

¹ Ot.prp.70 (2002-2003).

2 Framgangsmåte og involvering

2.1 Involvering

Den overordna analysen er fundamentet for dei områda kontrollutvalet og kommunestyret prioriterer for selskapskontroll. Vi har gjennomført ein prosess som har sikra brei involvering, gjennom samspel med ulike deler av kommunen; administrasjon, tillitsvalde/verneombod, politiske nivå i kommunen og kontrollutvalet med sekretariat. Dette har vore viktig for å kunne finne vesentlege risikoar og dei "rette" områder for selskapskontroll.

2.2 Innsamling av data

For gjennomføring av analysen har fylgjande teknikkar vore brukt for å samle inn data:

Dokumentanalyse

KPMG har innhenta nøkkelinformasjon om selskap som kommunen har eigardelar i; selskapsform, føremål med selskapa, driftsaktivitet i selskapa, status kring eigarskap og status for økonomisk situasjon i selskapa. I tillegg er kommunen sin eigarskapsmelding gjennomgått.

Workshop (arbeidsmøte)

KPMG har gjennomført ein workshop for å etablere og verifisere mulige områder for selskapskontroll. Til denne workshopen blei fylgjande invitert: Ordfører, politiske gruppeleiarar, rådmann, tenesteleiarar og stabsleiarar, tillitsvalde og hovudverneombod, samt kontrollutvalet med sekretariat. KPMG forberedte og fasiliterte møtet.

Nedanfor følgjer eit oversyn over teoretisk fundament og vesentlege omsyn som har vore nytta i risikovurderinga. Dernext følgjer ei opplisting av identifiserte områder for selskapskontroll.

2.3 Teoretisk fundament og metode for overordna analyse

KPMG har utvikla ein modell for å identifisere dei mest relevante områda for forvaltningsrevisjon, som også kan nyttast for å identifisere selskap for kontroll.


Teoretisk er modellen forankra i statsvitskap, organisasjonsteori og COSO ERM². Skjematisk vil val av selskapskontrollprosjekt bli eit resultat av vurderingar knytt til vesentlegheit og risiko knytt til selskapa - vurderingar som "silar" ut prosjekt i 4 overordna steg. Dette kan illustrerast slik:



Omgrepet vesentlegheit og risiko er sentrale i analysen av selskapa kommunen har eigardelar i:

- ✓ Vesentlegheit handlar her om å identifisera dei viktige/sentrale selskap for kommunen. Vesentlegheit er mellom anna knytt opp mot selskapet sitt føremål og oppgåver, samt storleiken/verdien av kommunen sin eigardel. Selskap som har som mål å ta i vare sentrale samfunnsinteresser (med t.d. innverknad for liv, helse, brukarrettar, større materielle verdiar) og selskap kor kommunen har stor eigardel målt i kroner, vil det vere særleg sentralt at kommunen har (politisk) styring med eigarskapen og kontroll med selskapet si verksemd.
- ✓ Risiko handlar om å identifisera sannsynet for at selskapet si verksemd ikkje vert utøvd på den måten den skal bli utført på, samt konsekvens. Med andre ord - risiko for mangelfull verksemd og oppgåveløysing i selskap. Måten selskapet si verksemd skal utførast på, er mellom anna styrt av lovverk, vedtekter, føremål, organisering, planverk og strategiar og budsjett. Risiko kan t.d. knytast til krav til selskapet; vedtak frå kommunen, vedtak i selskapet og eksterne lov- og forskriftskrav.

I felles arbeidsmøte blei risiko knytt til selskapa vurdert i forhold til kor sannsynleg det er at risiko inntreffer og konsekvensar av risikoen:



² The Committee of Sponsoring Organizations of the Treadway Commission. ERM – Enterprise Risk Management. Dette er en internasjonal innarbeid standard for beste praksis innan området internkontroll og risikohandtering i verksemdar.

Modellen tek høgde for område og selskapskontrollprosjekt som har ein førebyggjande karakter. Det vil seie at analysen, og eit prosjekt, ikkje berre ser tilbake på kva som har skjedd, men at ein og kan gå inn på område der det potensielt ligg fare for at kommunen sine eigarinteresse i selskap ikkje er tilfredsstillande forvalta. Føremålet med den skisserte tilnærminga er å finne dei mest vesentlege selskapa for kontroll kor risikoen for manglar og feil i størst grad er til stade.

Oppsummert har følgjande overordna omsyn vore nytta for å prioritere selskapskontroll i selskapa som kommunen har eigardelar i:

Vesentlegheit – handlar om å identifisere selskapa kommunen eig og viktige selskap for selskapskontroll. Identifiseringa har skjedd ved hjelp av ulike kriteria, mellom anna:

- ✓ Identifisering av selskapsform (AS, IKS, mv.)
- ✓ Eigarskap; kommunen sin eigardel i selskap
- ✓ Formål med selskapet
- ✓ Økonomi

I tillegg har følgjande omsyn vore aktuelle i prioriteringa:

- ✓ Aktivitetsnivå/produktivitet
- ✓ Politisk aktualitet
- ✓ Om selskapet si verksemd primært er i eller retta inn mot å løyse oppgåver i kommunen/kommunale oppgåver
- ✓ Tidlegare gjennomført selskapskontroll

Risiko – handlar om å identifisere kor sannsynleg det er at selskapet ikkje tek i vare kommunen sine eigarinteresser, og/eller kor sannsynleg det er at selskapet si verksemd ikkje er i samsvar med eigaren sine føresetnader, sentrale styringsdokument for selskapet si verksemd eller eksterne krav til selskapet. Med andre ord risiko for verksemd i strid med eigarinteressene til kommunen eller mangelfull verksemd. Måten selskapet skal utføre sin verksemd på, er mellom anna styrt av:

- ✓ Eigarane sine føresetnader
- ✓ Lovverk
- ✓ Føremål og målsettingar
- ✓ Planverk, strategiar og organisering
- ✓ Budsjett

3 Identifiserte selskap

I delkapittel 3.1. og 3.2 er det tatt inn tabellar som syner selskap kommunen har eigarskap i. Tabellane per selskap listar nøkkelinformasjon for kvart selskap i høve til:

- ✓ Organisatorisk tilhøve; selskapsform, stiftingsår, tilsette, formål
- ✓ Eigarskap; kommunen sin eigardel
- ✓ Økonomiske tilhøve (per 2014); eigenkapital, driftsinntekter

3.1 Selskap omfatta av kommuneloven § 80

Her presenterast selskap som er omfatta av selskapslova § 80 - og kravet om obligatorisk eigarskapskontroll.

3.1.1 Haugaland interkommunale miljøverk

Haugaland interkomm. miljøverk	
Selskapsform	IKS
Stiftingsår	1983
Formål	Utføra kommunane sine oppgåver innan innsamling, gjenvinning og behandling av avfall og slam, og arbeidsoppgåver som høyrer naturleg saman med desse oppgåvene. Selskapet overtek såleis oppgåver som kommunane etter lova kan overlata til selskapet innafør desse områda, og som skal betalast av renovasjons- og slamgebyret. Utarbeida gebyrregulativ for hushaldskundar. Gebyra skal etter ein overgangsperiode vera like for like tenester i alle deltakar-kommunane. Gebyra kan varierast etter levert mengde avfall og tenestetilbod. Utføra andre oppgåver som kommunane og selskapet vert samde om at selskapet skal utføre. Gje tilbod om innsamling, gjenvinning og behandling av næringsavfall der selskapet finn dette miljømessig ønskjeleg og økonomisk rett. Søkja samarbeid med andre kommunar, regionar og selskap der dette er naturleg, og selskapet kan vera eigar eller medeigar i andre selskap. Avgjera i kva grad drifta skal skje ved bruk av eigne anlegg, utstyr og mannskap, eller ved leigeavtalar med medlemskommunane eller private næringsdrivande
Kommunen sin eigardel	15,30 %
Tilsette	57
Eigenkapitaldel (2014) ³	21,50 %
Driftsinntekter (2014, heile kr)	Kr. 100 368 000

3.1.2 Haugaland Kraft AS

Haugaland Kraft AS	
--------------------	--

³ Eigenkapitaldelen bør være minst 10 %. Eigenkapitaldelen viser del eigenkapital av total kapital i selskapet. Den syner kor stor del av eigendelane i selskapet som er finansiert med eigenkapital, i motsetning til med finansiering via lån. Grad av eigenkapital er eit uttrykk for selskapet sin soliditet.

Selskapsform	AS
Stiftingsår	1994
Formål	Produksjon, overføring og omsetning av energi -for således å sørge for en sikker, rasjonell og rimelig energiforsyning-, samt hva hermed står i forbindelse, herunder å delta i andre foretak som driver tilsvarende virksomhet.
Kommunen sin eigardel	6,85 %
Tilsette	175
Eigenkapital andel (2014)	60,0 %
Driftsinntekter (2014, heile kr)	Kr. 980 597 000

3.1.3 Øyane Asvo AS

Øyane Asvo AS	
Selskapsform	AS
Stiftingsår	1996
Føremål	Attføring og/eller sysselsetjing for yrkesmenna som ellers har problem med å få arbeid på den ordinære arbeidsmarknaden. Verksemda skal ikkje gje aksjonærane økonomisk utbytte. Alt overskot skal koma attføringsverksemda til gode.
Kommunen sin eigardel	50 %
Tilsette	29
Eigenkapitalandel (2014)	-0,50 %
Driftsinntekter (2014, heile kr)	Kr. 13 883 000

3.1.4 Haugalandspakken

Haugalandspakken	
Selskapsform	AS
Stiftingsår	2007
Formål	Finansiere deler av utbyggingen av transportsystemet på Haugalandet, tilføre godkjente prosjekter kapital herunder lån som forrentes og inndras ved oppkreving av bompenger, samt administrere denne ordningen inntil lånene er nedbetalt. Selskapet har ikke ansvar for prioritering av prosjekter og tiltak.
Kommunen sin eigardel	12,5 %
Tilsette	-
Eigenkapitalandel (2014)	0,1 %
Driftsinntekter (2014, heile kr)	201 001 000 Kr.

3.1.5 Odda Vegfinans AS

Odda Vegfinans AS	
Selskapsform	AS
Stiftingsår	2010
Formål	Å stå føre delfinansiering av planlegging og bygging av ny veg og ny tunelløysing for E134 innafor planområdet som er definert i vedtekne kommunedelplanar for Odda og Vinje kommunar frå 2008, og å bidra til rask og god realisering av prosjektet. Selskapet har ikkje erverv som føremål.
Kommunen sin eigardel	4 %
Tilsette	0
Eigenkapitalandel (2014)	7,8 %
Driftsinntekter (2014, heile kr)	Kr. 225 000

3.1.6 Haugaland Vekst IKS

Haugaland Vekst IKS	
Selskapsform	IKS
Stiftingsår	2004
Formål	På vegne av deltakerkommunene, å drive slikt nærings- og regionalutviklingsarbeid som ellers normalt ville bli utført av kommunene selv, dvs. samarbeid for å fremme og utvikle Haugesundregionen samt relevant lokalt næringsarbeid, i samsvar med avtale med den enkelte deltakerkommunen. Selskapet kan også yte andre tjenester til deltakerkommunene, evt. tjenester til andre enn deltakerkommunene, under forutsetning av et slik tjenesteyting ikke endrer selskapets status som "offentlig oppdragsgiver"/leverandør av tjenester i "egenregi", slik at lov om offentlige anskaffelser ikke gjelder i forhold til selskapets tjenesteyting til deltakerkommunene. Pr. i dag antas denne forutsetning å innebære at levering av andre tjenester/tjenester til andre enn deltakerkommuner ikke må overstige 20% av selskapets omsetning.
Kommunen sin eigardel	9,09 %
Tilsette	10
Eigenkapitalandel (2014)	67,9 %
Driftsinntekter (2014, heile kr)	Kr. 15 660 000

3.1.7 Interkommunalt arkiv IKS Rogaland

Interkommunalt arkiv IKS Rogaland	
Selskapsform	IKS
Stiftingsår	2002
Formål	Selskapet skal arbeide for at arkivmaterialet fra deltakerne eller materiale som disse har ansvar for, blir tatt vare på og gjort tilgjengelig for offentlig bruk, forskning og andre administrative, juridiske og kulturelle formål, i samsvar med arkivloven. Selskapet skal tilby depotplass for deltakernes arkivmateriale, samt veilede deltakerne slik at de har tilfredsstillende oppbevaringsforhold for arkivmateriale. Selskapet skal i samråd med deltakerne arbeide for å utvikle effektive og rasjonelle arkivtjenester hos deltakerne. Det kan bl.a. bestå i å utarbeide arkivplan og bygge opp deltakernes arkiv, stå for opplæring og rettleiding i arkivsystemer og arkivrutiner, gi råd og ha tilsyn med arkivlokaler, og bistå med annet arkivarbeid, i samsvar med arkivlov og forskrift. Mv.
Kommunen sin eigardel	5,79 %
Tilsette	7
Eigenkapitalandel (2014)	86,3 %
Driftsinntekter (2014, heile kr)	Kr. 5 538 000

3.1.8 Krisesenter Vest IKS

Krisesenter Vest IKS	
Selskapsform	IKS
Stiftingsår	2011
Føremål	Selskapet skal, på vegne av eierkommunene, sikre etterlevelse av krisesenterlovas § 2 a), b) og c). Selskapet skal være et rådgivende organ for eierkommunene i etterlevelse av lovens § 2

	d). Selskapet har ikke som formål å drive virksomhet som gir utbytte til eierkommune.
Kommunen sin eigardel	4,88 %
Tilsette	25
Eigenkapitalandel (2014)	-
Driftsinntekter (2014, heile kr)	Kr. 5

3.1.9 Haugaland kontrollutvalgssekretariat

Haugaland kontrollutvalgssekretariat	
Selskapsform	IKS
Stiftingsår	2004
Føremål	Formålet med selskapet er: 1. Tilby sekretariatstjenester til kontrollutvalget i deltakerkommunene og nærliggende kommuner. 2. Selskapet skal drives i balanse, slik at inntekter fra kommunene dekker kostnadene.
Kommunen sin eigardel	7,46 %
Tilsette	2
Eigenkapitalandel (2014)	68,80 %
Driftsinntekter (2014, heile kr)	Kr. 1 722 000

3.2 Selskap som ikkje er omfatta av kommuneloven § 80

Her presenterer vi selskap som fell utanfor kommunelova § 80 og dermed også kravet om obligatorisk eigarskapskontroll. Dette omfattar:

- Selskapet har eigarar som ikkje er kommunar eller fylkeskommunar eller
- Selskapet er ikkje etablert som eit AS eller IKS.

I tabellen er - = Informasjon er ikkje funnen

Selskap	Driftsinntekter (2014)	Kommunen sin eigardel
Vindafjord Tomteselskap AS	Kr. 2 022 000	48,84 %
Landbrukets Hus AS	Kr. 660 000	32,84 %
Medvind Næringshage AS	Kr. 1 554 000	14,28 %
Haugalandsmuseene (AS)	Kr. 12 937 000	7 %
Grannar AS	Kr. 11 108 000	6,11 %
Destinasjon Haugesund og Haugalandet AS	Kr. 9 173 000	2,91 %
E134 Haukelivegen AS	Kr. 1 820 000	2,22 %
AS Haugaland Industri	Kr. 53 954 000	1,82 %
Opero As	Kr. 35 403 000	1,60 %
Norsk bane AS	Kr. 1 904 000	Liten, inngår i "øvrige aksjonærer"
AS Finansinstitutt	-	- (liten)
Biblioteksentralen A/L	Kr. 671 801 000	- (liten)

4 Risikovurdering

4.1 Generell eigarstyring

Risikoen for at kommunen generelt utøver svak eigarstyring er vurdert i forhold til 1) sannsyn for at dette er tilfelle, 2) konsekvens for kommunen at dette er tilfelle. Både sannsyn og konsekvens er gitt ein farge, kor raud indikerer høgt sannsyn / alvorleg konsekvens, gul indikerer middels, og grøn indikerer lavt sannsyn / liten konsekvens.

Risiko/hending	Sanns.	Kons.
1 Kommunen har svak eigarstyring		

Ein eigarskapskontroll i 2013 peika på behov for forbetringar i eigarskapsstyringa og –utøvinga til Vindafjord kommune. Eigarskapsmelding blei så utarbeida av kommunen i 2013/2014. Kommunen skal behandle denne eigarskapsmeldinga igjen i februar 2016. Eigarskapsmeldinga 2013/2014 inneheld

- ✓ Aktuelle selskapsformer for kommunen
- ✓ Felles prinsipp og strategiar for ei god eigarstyring i dei ulike selskapsformene
- ✓ Reglar og prosedyrar for politisk og administrativ utøving av eigarstyringa
- ✓ Oversikt over og omtale av selskap som Vindafjord kommune eig eller deltek i

Bakgrunnen for vurderinga er mellom anna erfaringar i kommunen med at det i praksis er for lite kommunikasjon mellom styrerepresentantar og kommunen, og at den som sit som representant for kommunen ikkje alltid er sikker på kva kommunen ønsker med sitt eigarskap. På arbeidsmøte blei det drøfta behov for opplæring av representantane, i kva pliktar og ansvar dei sitt med, til dømes ansvar for å rapportere tilbake til formannskap. Denne forbindelsen er ikkje alltid god nok.

Andre kommentarar var at eigarskapsmeldinga blir diskutert, men omhandlar eigarstyring generelt og alle selskap. Det har vore eigne diskusjonar om eigarstrategi for Haugaland kraft i lag med andre eigarar, men ikkje eigne strategiar for eigarskap i dei andre selskapa enkeltvis. Haugaland interkommunale miljøverk blei brukt som døme på eit lite debattert eigarskap kor det manglar tydelege forventningar frå kommunen.

Det blei peika på at selskapa generelt truleg ikkje er nok eigarstyrt, i forhold til administrasjonsstyrt. Dette kan føre til at eigarane sine interesser ikkje blir tilstrekkeleg ivaretatt.

4.2 Selskap omfatta av kommuneloven § 80

Nedanfor er risikoen knytt til dei identifiserte selskapa ytterlegare vurdert. Det er generelt vurdert kor stor risikoen er for at selskapa ikkje følger opp eigarinteresser, eller med andre ord at selskapet si verksemd ikkje vert utøvd i tråd med formålet til selskapet / på den måten den skal bli utført på. Dette gjennom vurdering av 1) sannsynet for at manglar vil inntreffe og 2) konsekvensen av manglane for kommunen. Årsaken til at slik risiko kan inntreffe kan mellom anna vere at kommunen sine interesser

og forventningar ikkje er godt nok kommunisert til selskapet, at prosjekta/arbeidet i selskapa ikkje er tilfredsstillande målretta/styrt eller at selskapet har økonomiske utfordringar. Vurderinga av konsekvens reflekterer vesentlegheit for kommunen.

Sortert ut ifrå score/vurdering, ser tabellen slik ut:

	Risiko/hending	Selskap	Sanns.	Kons.
1	Manglande oppfølging av eigarinteresser i selskapet	Krisesenter Vest IKS		
2	Manglande oppfølging av eigarinteresser i selskapet	Haugaland Vekst IKS		
3	Manglande oppfølging av eigarinteresser i selskapet	Haugaland internkommunale miljøverk IKS		
4	Manglande oppfølging av eigarinteresser i selskapet	Haugalandspakken AS		
5	Manglande oppfølging av eigarinteresser i selskapet	Haugaland kontrollutvalgssekretariat		
6	Manglande oppfølging av eigarinteresser i selskapet	Odda Vegfinans AS		
7	Manglande oppfølging av eigarinteresser i selskapet	Haugaland Kraft AS	<i>Selskapskontroll, inkl. av dotterselskapet Haugaland Næringspark As, utført i 2015</i>	
8	Manglande oppfølging av eigarinteresser i selskapet	Øyane Asvo AS	<i>Selskapskontroll utført i 2013</i>	
9	Manglande oppfølging av eigarinteresser i selskapet	Interkommunalt arkiv IKS Rogaland	<i>Selskapskontroll utført i 2013</i>	

Selskapa som kom høgast opp i vurderingane av risiko for Vindafjord kommune på arbeidsmøte i kommunen er Krisesenter Vest IKS og Haugaland Vekst IKS. Dernest kjem Haugaland Interkommunale Miljøverk IKS.

Krisesenter Vest IKS skal, på vegne av eigarkommunane, sikre etterleving av krisesenterlovas § 2 a), b) og c). Selskapet har ikkje som formål å drive verksemd som gir utbytte til eigarkommunane, men det er vesentleg at selskapet greier å gi eit godt tilbod til målgruppa si, då dette er ei utsatt gruppe der konsekvensane for dei enkelte det gjeld kan vere store. På arbeidsmøte blei det også kommentert at det opplevast litt lite informasjon frå/om selskapet. Eigardelen til Vindafjord kommune er relativt liten på 4,88 %. Selskapet har 25 tilsette. Krisesenter Vest IKS var blant to prioriterte selskap for kontroll i førre plan for selskapskontroll (2012-2016), men selskapskontroll knytt til dette selskapet har ikkje vore gjennomført hittil.

Haugaland Vekst IKS hadde ei driftsinntekt i 2014 på om lag 16 mill. kr. Vindafjord kommune har ein eigardel på 9,09 %. Selskapet skal i hovudsak på vegne av deltakarkommunane drive nærings- og regionalutviklingsarbeid som elles normalt ville bli utført av kommunane sjølve, dvs. samarbeid for å fremje og utvikle Haugesundregionen samt relevant lokalt næringsarbeid, i samsvar med avtale med den enkelte deltakarkommune. Ein mogleg årsak til risiko for at eigarinteressene ikkje vert tilstrekkeleg varetatt i selskapet, er generelt, og som hos dei andre selskapa, at kommunen sine interesser og forventningar ikkje er godt nok kommunisert til selskapet.

Haugaland Interkommunale Miljøverk IKS hadde i 2014 ei driftsinntekt på om lag 100 mill. kr. Eigardelen til Vindafjord kommune er på 15,30 %. Formålet med selskapet er i hovudtrekk å utføra kommunane sine oppgåver innan innsamling, gjenvinning og behandling av avfall og slam, og arbeidsoppgåver som høyrer naturleg saman med desse oppgåvene. På arbeidsmøte blei det mellom anna kommentert at

det er manglande tydelege forventningar knytt til eigarskapet i selskapet og at det er lite debattert i kommunen. Generelt, og grunna selskapet sin type organisering, er det identifisert ein ibuande risiko for ulovleg kryssubsidiering mellom den lovpålagte delen og næringsdelen av verksemda.

Haugalandspakken er det andre selskapet som blei prioritert for selskapskontroll i førre planperiode, men kor kontroll ikkje hittil har vore utført. Selskapet omfattar mellom anna utbetring av E134 Haugesund–Etne, fleire prosjekt på rv. 47 Haugesund–Sveio og utbetringstiltak, bygging av gang- og sykkelveier og miljø- og trafikksikringstiltak på vegnettet i Karmøy kommune. I tillegg er det lagt opp til en del utbetringar og trafikksikringstiltak på fylkesveger tilknytt E134 og E39 og langs rv. 47. Kommunen opplyser at kommunikasjonen med dette selskapet i dag skal vere god.



© 2016 KPMG AS, a Norwegian member firm of the KPMG network of independent member firms affiliated with KPMG International Cooperative ("KPMG International"), a Swiss entity. All rights reserved.

This proposal is made by KPMG AS, a member firm of the KPMG network of independent firms affiliated with KPMG International, a Swiss cooperative, and is in all respects subject to the negotiation, agreement, and signing of a specific engagement letter or contract. KPMG International provides no client services. No member firm has any authority to obligate or bind KPMG International or any other member firm vis-à-vis third parties, nor does KPMG International have any such authority to obligate or bind any member firm.

